



E&M Holding kjøper stadig meir i Uskedalen – no også huset med bruktbuikken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**E&M Holding (Alf Eidsvik junior og Trond Myklebust) har kjøpt eit hus til sentralt i Uskedalen. Det er huset der bruktbuikken til Inger Lise B. Eidsvik held til. Frå før eig selskapet det tidlegare samyrkelagsbygget og forretnings- og lagerbygget mellom dette og elva.**

Også i hus nummer tre som Eidsvik og Myklebust har kjøpt har samyrkelaget halde hus ein gong. Dette tradisjonsrike huset har elles vore nytta til ulike føremål, ikkje berre butikk, men også som lager, skule og bustad. Ei tid var det fryserom med boksutleige der og i perioden 1927/1931 mjølkemottak med utsal i kjellaren. Bruktbuikken vart etablert for 11 år sidan.

- Vi har førebels ikkje nye planar for huset, heller ikkje om renovering, seier Alf Eidsvik junior til uskedalen.no. Andre etasje vil bli leigd ut som bustad og første etasje vil framleis bli nytta som bruktbuikk - så lengje innehavaren ynskjer det.

Andre etasje i det tidlegare samyrkelagsbygget er derimot under renovering og no er dei i gang med innspurten der.

- Vi vonar at Kvinnherad Næringssservice vil flytta inn, men det blir ikkje avgjort på styreplan før om eitpar veker, seier Eidsvik junior.

Viss styret i Næringssservice framleis satsar på Husnes som "base", vil lokala i Uskedalen bli ferdigstilt og nytta som leiligheit.

- Kva så med hus nummer tre?

- Vi ligg i forhandlingar med eit firma, men noko gjennombrøt har det ikkje vorte enno, svarer Eidsvik. På dette huset, som har ein etasje over underetasjen og flatt tak, skal det førast opp ein ekstra etasje med saltak. I første etasje vil E&M Holding leggja til rette for utleige til næringsverksemd, medan det blir lager og kontor for dei sjølve i den nye etasjen.

Av Ola Matti Mathisen

